

## Referat SU (samabeidsutvalet) Engelsvoll barnehage og skule

**Tid:** 8.11.22 kl. 20.15-21.15

**Stad:** Rom 7, Engelsvoll skule

### Deltakarar:

Sandra Hageland, elevrepresentant – forfall

Celine Larsen Meland, elevrådsrepresentant

Brit Turid Nesse, tilsettrepresentant – forfall

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen - forfall

Heidi Martby-Skogsholm, FAU-representant skule

Torunn Grude, FAU-representant skule

Benedicte Vik Reime, FAU-representant barnehage

Kirsten Oddane Steinnes, FAU-representant barnehage

Inger Ølberg Lode, styrar barnehagen

Svein Egil Fatnes, tilsette barnehage - forfall

Tonje Lindland, tilsette barnehage - forfall

Fridtjof Helland, kommunerepresentant (vara)- forfall

Kjersti Olimo Salte, kommunerepresentant

Linda Refvik, rektor

Saksnr.	Sak:
	<b>Møteleiar/sekretær:</b> Nestleiar i FAU skule, er møteleiar, rektor er referent.
1/22-23	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste:</b> Ingen merknader
2/22-23	<b>Godkjenning av protokoll:</b> Ingen merknader
3/22-23	<b>Orienteringssaker:</b> <b>Elevråd:</b> Elevrådet på Engelsvoll skule består av elevar frå 3.-7. steg. Kwart steg vel 2 representantar som sit i elevrådet heile skuleåret. <u>14.november-14. desember arrangerer elevrådet teiknekonkurranse. 20. desember vert det kåra 3 vinnarar som får premier: Ein frå 1.-2. steg, ein frå 3.-4. steg og ein frå 5.-7. steg. Elevrådet diskuterte om det skulle vere eit tema for konkurransen, men konkluderte med at ein kan teikne det ein vil.</u>

	<p><u>Melkevertar:</u> Det har vore litt uro rundt dette med melkehenting. Elevrådet har difor bestemt at vi skal ha melevertar på skulen. Elever frå 6. steg er dei som gjere klart mjølk til alle stega og leverer den ut. Dette har medført at det er mindre svinn og meir ryddig.</p> <p><u>BUK:</u> Elevrådsstyret, saman med rektor, deltok på Barn- og unge kommunestyret i rådhuset 3.11. Her fekk elevane anledning til å stille spørsmål til kommunen og ordføraren. Spørsmålet som Engelsvoll stilte var om dei høge strømprisane vil få konsekvensar for svømmehallar og det å kunne dusje på skulane. Tilbakemeldinga var at det, pr i dag, ikkje er aktuelt å stenge svømmehallar eller dusjing, men det vi kom til å merke er at temperaturen i kommunale bygg blir skrudd ned. Dei oppfordrar elevane til å kle seg godt sånn eit dei ikkje frys når dei er på skulen.</p> <p><b>FAU barnehage:</b> Det har vore eit FAU-møte denne hausten. Alle FAU-representantane er nye og treng ein ser at FAU treng tid til å bli kjende med oppgåvene. FAU barnehage består av 7 foreldre.</p> <p><b>FAU skule:</b> I FAU er ein godt i gang med dei ulike komiteane. Det har vore ope-hus, refleks-aksjonen pågår no, i desember vert det arrangert teaterkveld med reduserte prisar for elevane. Juleverkstad og 100 års jubileet står for tur. FAU var og engasjert i TV-aksjonen tidlegare i haust.</p> <p><b>Kommunalrepresentant:</b> Det har vore stort fokus på byggesaker den siste tida. Kleppelunden skule og Storafjell barnehage er blant anna to store byggeprosjekta.</p> <p>Når det gjeld økonomi, er tilbakemeldinga at det er god økonomistyring i skulane i Klepp kommune.</p>
4/22-23	<p><b>Års og møteplan SMU/SU:</b> Godkjend</p>
5/22-23	<p><b>Skule si utviklingsplan:</b> Engelsvoll skule sine satsingsområde 2022-2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, både fagleg og sosialt</li> <li>• Implementering av fornya læreplan, læreplanforståing</li> <li>• Tidleg innsats</li> </ul> <p>Dei styrande dokumenta for val av satsingsområda er Kleppmodellen, språkplanen og Fagfornyinga. Vidare er det viktig å ivareta det gode arbeidet som er gjort tidlegare år på Engelsvoll, bla dette med PRUV og elevmedverknad. Ut frå det , har det pedagogiske personalet fått høve til å koma med innspel på vala som er gjort. Utviklingsplana er eit levande dokument som kan endrast/justerast dersom nye kompetansebehov melder seg.</p>
6/22-23	<p><u>Tilbakemelding på planleggingsdagar ved oppstart av nytt skuleår 22/23:</u> Det kom tilbakemeldingar frå barnehagen at det ikkje er ynskjeleg med planleggingsdagar som gjer at oppstartsveka til nye born i barnehagen blir avkorta. Frå FAU kom det innspel på at skulestart midt i veka (torsdag) gjer ferieavvikling for foreldre vanskeleg. Det kom innspel på ynskje om heile</p>

	veker både i oppstart og avslutning av skuleåret. Samtidig kom det innspel frå FAU ei forståing for at det å starte med ei heil skuleveke kan vere tøft for nokre born og at ein mjuk start kan vere hensiktsmessig.
7/22-23	Nasjonale prøver – saka er utsatt. Resultata vert offentleggjort 11.11.22
8/22-23	<p><u>Rekneskap:</u></p> <p>Barnehage: God økonomi. Dei har god styring på økonomien blant anna fordi vikarar som er inne er billigare enn dei som er sjukemeldte. Det gjer det mogeleg å handle inn sykklar oll., møblar og IT-utstyr som barnehagen treng.</p> <p>Skule: Den største utgiftsposten er lønn. Dette skuleåret har ein delt ut alle ressursar og ein såg då føre seg at vikarar skulle ordnast internt. Dette ser vi er vanskeleg å gjennomføre i praksis. Vi kjem difor til å gå litt på underskot her. Skulen har og eit stort behov for digitale tavler. Vi har sett oss råd til å kjøpe inn ei.</p> <p>Her vonar vi på ekstraløyvingar frå kommunen med eit felles løft for alle skulane på alt av IT-utstyr.</p>
Eventuelt	<p>Det blei retta spørsmål til kommunerepresentant om vegarbeid som har føregått her på Klepp stasjon over lang tid. Dette har blant anna ført til utrygg skuleveg for elevane våre. Kva gjer ein når ein opplever dette?</p> <p>For det fyrste er det viktig at Klepp kommune, (<i>Samfunn og kultur</i>) info ut til foreldre om planlagde vegprosjekt i nærområdet. Ein kan og nytte heimesida til kommunen, «Spør Kari?» Eller tar ein telefon til <i>Samfunn og kultur</i>.</p> <p>Barnehagen kom med tilbakemelding på at ein del foreldre slepp av elevane på parkeringsplassen nede ved barnehagen. Dei tilsette er urolege for at det kan skje ei ulykke, spesielt no når det er mørkt om morgonen. Det vil bli sendt ut ei Visma melding for alle foreldre om dette, der ein, i staden, oppmodar alle til å bruk dropsona som er nedfor skulen.</p>